



HRTB
St. Olavsgate 28
0166 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8 - 20/2117

Saksbehandlar:
Kjell Langeland
kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:
21.09.2020

Igangsettingsløyve for Igangsettingsløyve nr 1 tilrettelegging a tomteforhold og framføring utvendig VA i grunnen - gbnr 76/20 Mo

Administrativt vedtak. Saknr: 024/2020

Tiltakshavar:

Modalen kommune

Ansvarleg søkjar:

HRTB A/S

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av grunnarbeid og framføring av utvendig VA.

Det vert elles vist til søknad motteken rammeløyve innsendt 18.08.2020 Her ventar ein på geoteknisk rapport.

Det vart gjeve løyve til riving av eksisterande bygg 23.07.2020.

For halde på framdrifta søker HRTB A/S om igangsettingsløyve for tilrettelegging av byggegrøp samt framføring av utvendig VA i grunnen.

Tilrettelegging og etablering av byggegrøp, samt framføring av ledningsnett vil vera uavhengig av av eventuelle tiltak som Geoteknisk rapport vil setje krav om.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 [bokstav], jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av tilretteleging av og etablering av byggegrop og framføring av ledningsnett.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Med helsing

Kjell Langeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
HRTB

St. Olavsgate 28 0166

OSLO